

Strategisk plan for Nordfjordeid

Ope møte - Stad rådhus 9. januar 2025

Strategi for Nordfjordeid

- Korleis ynskjer vi at Nordfjordeid skal sjå ut og fungere i framtida?
- **Identitet og posisjon** - kva som er unikt og særeige, «komparative fortrinn»
- **Visjon og hovudmål** – kva ynskjer vi oppnå
- **Innsatsområde**- skildrar korleis vi skal oppnå dette gjennom retning, rammer og tilrådingar
- **Arealstrategiar** - ei konkretisering av visjon, hovudmål og dei seks innsatsområda, som legg grunnlaget for plan- og utviklingsgrep i komande juridiske arealplanar.



Visjon

Verdas beste vesle stad!



Identitet og posisjon


- Samlingsstad for folk i alle tider
- Knutepunkt midt i Nordfjord
- Regionalt kulturfyrtårn
- Regionalt handelssenter

Hovudmål

«Folk i sentrum: Eit levande, inkluderande og urbant kommunesenter der det er godt å bu, leve, besøke og drive næring.»



Innsatsområde



Effektiv arealutnytting:

vi legg til rette for eit kompakt sentrum med høg kvalitet og korte avstandar *gjennom samlokalisering, ombruk og transformasjon av areal og bygg.*

Sosiale fellesskap:

vi legg til rette for at Nordfjordeid er trygt, inkluderande og tilgjengeleg for alle *gjennom variert bustad- og aktivitetstilbod, aktive møteplassar og universelt utforma byrom.*

Grøn mobilitet:

vi utviklar Nordfjordeid slik at fleire vel å gå eller sykle *gjennom utbygging av infrastruktur til mjuke trafikantar, kollektivtransport og føreseielege rammer for parkering og gatebruk.*

Kultur og lokalt særpreg:

vi tek vare på og vidareutviklar Nordfjordeid sitt lokale særpreg *gjennom vern av kulturarv med høg verdi, styrking av arkitektonisk kvalitet, tettare samspel mellom Eidsgata og fjorden, og konseptet «ein kilometer med kultur».*

Natur og klimatilpassing:

vi tek vare på Nordfjordeid sine naturlege kvalitetar og tilpassar oss eit klima i endring *gjennom vidareutvikling av blå-grøn infrastruktur, naturbaserte løysingar og å sikre plass til natur.*


Berekraftig næringsutvikling:

vi vidareutviklar næringslivet på Nordfjordeid *gjennom å få rett verksemd på rett plass, funksjonsblanding og sambruk, og eit variert handels- og tenestetilbod.*

«Folk i sentrum: Eit levande, inkluderande og urbant sentrum der det er godt å bu, leve, besøke og drive næring.»

Effektiv Arealutnytting

Vi legg til rette for eit kompakt sentrum med høg kvalitet og korte avstandar *gjennom samlokalisering, ombruk og transformasjon av areal og bygg.*




- Samlokalisering og konsentrering av funksjonar og aktivitetar innanfor ein mindre radius
- Skånsam fortetting med god kvalitet
- Ombruk og transformasjon av areal og bygg

Nordfjordeid har eit stort fortettingspotensiale for bustadar og næringslokale i Nordfjordeid sentrum. Potensialet for bustader er større enn det forventade behovet med utgangspunkt i befolkningsframskrivinga.

Sosiale fellesskap

Vi legg til rette for at Nordfjordeid er trygt, inkluderande og tilgjengeleg for alle **gjennom variert bustad- og aktivitetstilbod, aktive møteplassar og universelt utforma byrom.**

- Fleire bustader i og nær sentrumskjernen
- Varierte bustad- og aktivitetstilbod
- Aktive møteplassar
- Universelt utforma byrom
- Gjere fjordfronten meir tilgjengeleg for opphald og rekreasjon



Grøn mobilitet


Vi utviklar Nordfjordeid slik at fleire vel å gå eller sykle **gjennom utbygging av infrastruktur til mjuke trafikantar, kollektivtransport og føreseielege rammer for parkering og gatebruk.**



- Prioritere miljøvenlege transportformer i rekkefølga: Gange – sykling – kollektivtransport – næringstransport – personbil
- Prioritere fysisk infrastruktur til mjuke trafikantar og gjere det meir attraktivt å bevege seg
- Sikre gode tilhøve for kollektivtransport og tenkje strategisk rundt plassering av haldeplassar for buss, taxi og bestillingskyss.
- Skape føreseielege rammer for parkering og gatebruk med å prioritere kva ein skal nytte dei ulike gatene og areala til, og korleis parkeringsareal skal vere strukturert.
- Sikre areal til ladeinfrastruktur og tett dialog med nettselskap om prosjekt som krev nettkapasitet

Grøn mobilitet

Vi utviklar Nordfjordeid slik at fleire vel å gå eller sykle **gjennom utbygging av infrastruktur til mjuke trafikantar, kollektivtransport og føreseielege rammer for parkering og gatebruk.**



¹ Lokal transportplan for Stad kommune 2022–2034 inneheld ei rekkje strategiar og tiltak som også gjeld for Nordfjordeid.

Kva betyr dette?

Det skal vere lett å bevege seg og kome seg fram i Nordfjordeid sentrum uansett om ein går, sykklar, brukar rullestol eller andre hjelpemiddel, eller om ein har bruk for anna transport for å kome seg fram. I eit folkehelseperspektiv er det ein stor fordel om tettstaden vert utvikla slik at vi tyr til fysisk bevegelse for å kome oss mellom dei ulike gjeremåla i kvardagen. Dette vil igjen redusere transportbehovet og verke positivt på klimafotavtrykk og forureining.

Samstundes har bilen ein sentral plass i samfunnet i dag, og vi veit at Nordfjordeid har eit stort omland utan eit godt kollektivtilbod. Mange av nærings- og handelsverksemdene er avhengig av at ein kan kome til med bil og større køyretøy, til dømes for varelevering. For å skape eit gåvenleg og trygt sentrum er det likevel viktig å prioritere miljøvenlege transportformer i sentrum, og i enkelte område redusere køyreareal og overflateparkering. Dette støttar òg opp under strategiane i Stad kommune sin lokale transportplan¹.

Ei viktig satsing innanfor grøn mobilitet er elektrifisering og andre drivstoff som hydrogen og biogass, Elektrifisering krev tilgjengeleg ladeinfrastruktur, der tilstrekkeleg kapasitet i kraftnettet er ein føresetnad for å lykkast med omstillinga.

Korleis får vi det til?

- Prioritere miljøvenlege transportformer i rekkefølga: Gange – sykling – kollektivtransport – næringstransport – personbil (Lokal transportplan)
- Prioritere fysisk infrastruktur til mjuke trafikantar som tilfredsstillar dei elementære krava for gåande og syklande, og gjere det meir attraktivt å bevege seg (t.d. universell utforming, grøntanlegg, belysning, visuelle og taktile kvalitetar).
- Sikre gode tilhøve for kollektivtransport og tenkje strategisk rundt plassering av haldeplassar for buss, taxi og bestillingsskyss.
- Setje tydelege rammer for parkering og gatebruk ved å prioritere kva ein skal nytte dei ulike gatene og areala til, og korleis parkeringsareal skal vere strukturert.
- Sikre areal til ladeinfrastruktur og tett dialog med nettselskap om prosjekt som krev nettkapasitet

Kultur og lokalt særpreg


Vi tek vare på og vidareutviklar Nordfjordeid sitt lokale særpreg **gjennom vern av kulturarv med høg verdi, styrking av arkitektonisk kvalitet, tettare samspel mellom Eidsgata og fjorden, og konseptet «ein kilometer med kultur».**



- Vern gjennom bruk
- Styrke arkitektonisk kvalitet og kompetanse i plan- og byggforvaltning
- Styrke samspelet mellom Eidsgata og fjorden
- Vidareutvikle kulturlivet gjennom aksen frå Eksersisplassen til Operahuset Nordfjord («1 km med kultur»)
- Bruke arrangement og kulturtilbod som ein drivar i sentrumsutviklinga

Natur og klimatilpassing

Vi tek vare på Nordfjordeid sine naturlege kvalitetar og tilpassar oss eit klima i endring **gjennom vidareutvikling av blå-grøn infrastruktur, naturbaserte løysingar og å sikre plass til natur.**




- Ta vare på og vidareutvikle blågrøne kvalitetar til ein samanhengande blågrøn infrastruktur
- Sikre nok plass til natur, grøntområde og tre
- Prioritere naturbaserte løysingar ved klimatilpassing
- Nytte overvatnet som ressurs, og sørge for at dette gjev auka biologisk mangfald

Naturbaserte løysingar handlar om å nytte blå og grøne område til å fordrøye og infiltrere regn- og flaumvatn, som estetisk element og som biotopar (leveområde) for artar

Berekraftig næringsutvikling

Vi vidareutviklar næringslivet på Nordfjordeid **gjennom å få rett verksemd på rett plass, funksjonsblanding og sambruk, og variert handels- og tenestetilbod.**



- Samle liknande næringar og prioritere A- og B lokalitetar på Nordfjordeid jf. ABC-prinsippet for arbeidsplasslokalisering
- Styrke bustad- og tenestetilbod i sentrum
- Legge til rette for eit berekraftig heilårsreiseliv
- Frigjere areal til næring gjennom fortetting.

ABC-prinsippet handlar om å legge til rette for optimal lokalisering av verksemder for å minimere transportbehovet.

A-lokalitetar: Verksemder med mange tilsette og besøkande per arealeining skal plasserast mest mogleg sentralt. Døme: Kontor-, handel-, service-, og kunnskapsarbeidsplassar.


B-lokalitetar: Verksemder med middels tall tilsette eller besøkande per arealeining bør plasserast i tettstaden men utanfor sentrum. Døme: Bilverkstad, storhandel («big box»), regionale helsefunksjonar, lett industri.

C-lokalitetar: Verksemder med større arealbehov og færre besøkande eller tilsette bør lokaliserast utanfor tettstaden med tilgjengelegheit til hovudvegnettet. Døme: Tyngre industri, transportbedrifter.

Arealstrategiar

Oppbygging:

- Har delt Nordfjordeid inn i større funksjonelle delområde
 - Reine bustadområde, sjukehus og psykiatrisenter er ikkje med
- For kvart funksjonsområde er det foreslått eit framtidsbilde og nokre arealstrategiar.
- NB: Strategidokumentet er ikkje ein arealplan etter plan- og bygningslova og vil ikkje vere juridisk bindande for enkeltareal og eigedomar.
- Den skal gi retning og rammer for plan- og utviklingsgrep i komande juridiske arealplanar.




Figur: Oversikt over funksjonsområde for arealstrategiar på Nordfjordeid.

OBS: Fargane i kartet som viser funksjonsområde har ikkje avgjerande betydning for innhaldet, og er ikkje knytt til innsatsområda i sirkelen.

Nordfjardeid sentrum og sentrumskjernen

Funksjonar i dag

Småskala handel, kjøpesenter, servering, kollektivknutepunkt, offentleg og privat tenesteyting, kontor, sentrumsbustader, sosiale møteplassar. Nasjonalt viktig bygningsmiljø.



FRAMTIDSBILDE

«Vidareutvikle identiteten til Nordfjardeid og komprimere sentrum med vekt på sentrumsliv, tenester, handel og bustader»

AREALSTRATEGIAR

I sentrumskjernen (raudt):

- Prioritere utvikling og aktivisering av sentrumskjernen på Nordfjardeid (markert med raudt), og konsentrere sentrumsfunksjonar i og nær denne.
- Prioritere bygg med kombinert handel og bustadar
- Etablere eit sentralt og bilfritt torg
- Prioritere gåande og syklande samt redusere overflateparkering.
- Nybygg i sentrumskjernen bør ikkje vere høgare enn 4 etasjar pluss mønehøgde ved saltak.

Nordfjordeid sentrum og sentrumskjernen



AREALSTRATEGIAR

Heile sentrumsområdet (gult):

- Prioritere fortetting og transformasjon til bustad-, nærings- og handelsareal
- Styrke Eidsgata og samspel mellom Eidsgata og fjorden ved å aktivere tverrsambanda
- Legge til rette for reparasjon av fjordfronten til rekreasjon og opphald, framfor å fylle ut til utbyggingsareal
- Sikre god overvasshandtering, primært gjennom opne naturbaserte løysingar
- Ved fortetting og transformasjon skal overflateparkering reduserast, leggest under bakkenivå eller samlokalisert i P-hus eller på tak
- Sikre arkitektonisk kvalitet og lågt klimafotavtrykk i nye prosjekt og bevare det historiske trehusmiljøet
- Samlokalisere offentlege tenester i sentrum, i og nær tilknytting til bustadar.

Skule-, kultur- og idrettsområdet

Funksjonar i dag

Skule/utdanning, kulturliv og kulturarv, kunnskapssenter, idrett/rekreasjon, fjordhestsenter, bustader, kontor, kyrkje, handel, servering.



FRAMTIDSBILDE

«Vidareutvikle skule-, kultur- og idrettsområdet som eit trygt og attraktivt område for livslang læring med vekt på kunnskap, kultur og aktivitet.»

AREALSTRATEGIAR

- Samlokalisere skule, idrett og andre aktivitetar som høyrer saman
- Sikre areal for framtidige behov og sikre god trafikktryggleik.
- Vidareutvikle kulturlivet og støtte opp under eksisterande arenaer
- Jobbe for tilgjengelege bygg og areal frå morgon til kveld.

Sørøyrane og Eksersisplassen

Funksjonar i dag

Kulturarena, kulturary, grønstruktur og idrett/rekreasjon, småbåthamn, cruisekai, næring, hotell, idretts- og klatresenter, bustader.



FRAMTIDSBILDE

«Vidareutvikle Sørøyrane og Eksersisplassen med vekt på reiseliv, rekreasjon, kulturliv, bustader og kontor.»

AREALSTRATEGIAR

- Flytte arealkrevjande næring ut av området og frigjere plass til bustadar, kontorverksemd, reiseliv, rekreasjon og kulturliv
- Prioritere arbeidsplassar som tilhøyrar A-lokalitetar
- Vidareutvikle kulturlivet og ta vare på dei kulturhistoriske miljøa og naturkvalitetane
- Sikre areal til reiseliv.

Øyane

Funksjonar i dag

Industri, forretning/verkstader og lager, reiseliv (hotell), idrett og utstillingsplass for fjordhest.



FRAMTIDSBILDE

«Vidareutvikle eit effektivt utnytta område til middels besøksintensiv næring og plasskrevjande funksjonar.»

AREALSTRATEGIAR

- Sikre effektiv arealutnytting ved å aktivere og fortette eksisterande areal
- Prioritere verksemdar som tilhøyrer B-lokalitetar.
- Reine kontorverksemdar skal helst lokaliserast i funksjonsområde sentrum, Sørøyane eller skule- kultur- og idrettsområdet.

Det vert ikkje teke stilling til eventuell flytting av anlegg for idrett eller fjordhest – dette må avklarast i eigne saker og gjennom arealplanar etter plan- og bygningslova.

Lunden handelspark og Eid næringspark

Funksjonar i dag

Næring, industri/lager, regionale samferdselsfunksjonar, plasskrevjande varer/storhandel, detaljhandel




FRAMTIDSBILDE

«Vidareutvikle eit effektivt utnyttat område til middels besøksintensiv næring og plasskrevjande funksjonar, inkludert «big box»-bedrifter.»

AREALSTRATEGIAR

- Sikre effektiv arealutnytting ved å aktivere og fortette eksisterande næringsareal
- Ved å flytte offentlege tenester til anna lokalisering kan vi frigjere areal til næring.
- Prioritere verksemder som tilhøyrer B-verksemder , inkludert plasskrevjande funksjonar og «big box»-verksemder som ikkje treng å ligge i sentrum

Korleis påverkar strategiane framtidig arbeidsplasslokalisering og utvikling av næringsareal?



ABC-prinsippet handlar om å legge til rette for optimal lokalisering av verksemdar for å minimere transportbehovet.

A-lokalitetar: Verksemdar med mange tilsette og besøkjande per arealeining skal plasserast mest mogleg sentralt. Døme: Kontor-, handel-, service-, og kunnskapsarbeidsplassar.

B-lokalitetar: Verksemdar med middels tall tilsette eller besøkjande per arealeining bør plasserast i tettstaden men utanfor sentrum. Døme: Bilverkstad, storhandel («big box»), regionale helsefunksjonar, lett industri.

C-lokalitetar: Verksemdar med større arealbehov og færre besøkjande eller tilsette bør lokaliserast utanfor tettstaden med tilgjengelegheit til hovudvegnettet. Døme: Tyngre industri, transportbedrifter.

Nytt kunnskapsgrunnlag

Strategiane er basert på tilrådingar og innspel frå **medverknad**, **analysar** og **moglegheitsstudiar**. Vi har henta inn noko ny kunnskap i tråd med oppgåveutvalet sine tilbakemeldingar.

Norconsult  Nordfjordeid

 ...











- [Nordfjordeid - plangrep, fortettingsanalyse og handelsanalyse](#) – Norconsult, 2024
- [Handels- og næringsanalyse for Stad og Nordfjordeid](#) – Norconsult, 2024


Fortettingsanalyse

- Analysen tilrår nokre **plangrep** og **utformingsprinsipp** for vidare utvikling av Nordfjoreid.
- Analysen inneheld i tillegg ein **fortettingsanalyse** (volumstudie) med ulike fortettingskonsept og ulike scenario.
- Fortettingsanalysen vil vere eit **nyttig verktoy og kunnskapsgrunnlag** i vidare arealplanlegging, men er i seg sjølv ikkje ein plan som skal vedtakast politisk.

Norconsult si tilråding til
samla plangrep:

Tegnforklaring

-  Sentrumskjeirneavgrensning
-  Eidsgata, torget og koblingen til sjøen
-  Handel
-  Utdanning, kultur og idrett
-  Aktivitet og turistområde
-  Tomter med utbyggingspotensial bolig/næring
-  Tomter med utbyggingspotensial lang sikt (boligreserve/næring)
-  Prioriterte gangforbindelser




Eidsgata er "hjartet av sentrum", men er langstrakt med fleire tomrom og med dårleg kopling mot sjøen.


Sentrumsområdet er stort og utflytande, og manglar ei tydeleg kjerne med same kjensle som Eidsgata.

Få og lite varierte bustader i sentrumsområdet og næringsareal i førsteetasjane er for små og lite fleksible.

Få andre stader har så mykje kulturaktivitet og naturperler som Nordfjordeid. Det er også ein kvalitet å ha kjøpesenteret i sentrum, sjølv om det er bilbasert.




Komprimere



Konsentrere



Aktivere



Videreutvikle



Eidsgata
Avstanden til sjøen
Sentrumskjerna



Folkelivet
Funksjonar
Handel



Førsteetasjar
Befolkninga
Gatene
Parkane
Sjøkanten



Identitet

Fortettingsanalyse

[Nordfjordeid - plangrep, fortettinganalyse og handelsanalyse](#) – Norconsult, 2024

Sentrumskjerna i 2030?



Fortettingsanalyse

[Nordfjordeid - plangrep, fortettinganalyse og handelsanalyse](#) – Norconsult, 2024

2050

1: Blanda bustad- og næring i alle kvartal og prioritering av større næringsareal i første etasje



Fortettingsanalyse

[Nordfjordeid - plangrep, fortettinganalyse og handelsanalyse](#) – Norconsult, 2024

2050

2: Separering av bustad- og næringsbygg innan kvart kvartal og prioritering av bustader heilt ned til gatenivå



Fortettingsanalyse

[Nordfjordeid - plangrep, fortettinganalyse og handelsanalyse](#) – Norconsult, 2024

Nokre tilrådingar frå Norconsult:

Koplingar mellom Eidsgata og sjøen

Ny bebyggelse skal forsterke tilknytning til sjøen ved å ramme inn siktlinjene og omgjere dei til gater. Den opplevde avstanden mellom Eidsgata, kjøpesenteret og sjøen blir kortare.

Utfylling i sjø

Leggje til rette for reparasjon av sjøfronten slik at ein får tilbake den naturlege forma, og ikkje sette av dette til utbygging.

Variasjon i bustadtypar

Nedgang i innbyggartal mot 2050, med sterk vekst i aldersgruppa over 65 år og sterk reduksjon i yngre befolkningsgrupper, gjer at variasjon i bustadtypar og aldersvennlege bustader i sentrum er viktig.

Arbeidsplassar, handel og utvikling av næringsattraktivitet

Plasskrevjande handel i første omgang (fram mot 2030) på «grå areal» som allereie er opparbeidd/ etablert.

På lang sikt, mot 2050 og framover, tilrår vi at kommunen ser nærare på og jobbar strategisk med næringsområdet Øyane.

Handels- og næringsanalyse



Figur 36: Forslag til overordnet strategisk arbeid fra 2050 og fremover. Kontorarbeidsplasser relokiseres i sentrumskjernen, mens industrien flyttes ut til mindre sentrumsnære industriområder hvis kommunen finner egnede området for dette. Illustrasjon: Norconsult


Vegen vidare

- Når høringsfristen er ute vil vi gå gjennom alle innkomne uttaler og vurdere desse.
- Strategidokumentet vert oppdatert og justert før det vert lagt fram for endeleg politisk handsaming og vedtak i kommunestyret.
- NB: Arealbruken blir først juridisk bindande gjennom arealplanar – kommuneplanens arealdel (KPA) og reguleringsplanar (områderegulering og detaljregulering). Desse vil ha eigne høringsprosessar og vil også vere mogleg å medverke i.



Sei di meining

- Bruk gule lappar og fortell oss kva du liker godt og mindre godt med strategiane
- Eller bruk vårt digitalt innspelsskjema:



Sjekk ut [Stad kommune si heimeside](#) for meir informasjon!

Høyringsfrist: 20. januar.